



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mathias Høgseth Strømmen, 71 25 85 48

Begrenset høring om midlertidig fravik fra manøvreringsreglement - senking av Måvatn/Langvatn under LRV - Statkraft Energi AS - manøvreringsreglement for Svorka og lille Bævra - Surnadal

Generelt

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for regulering av Svorka og Lille Bævra. Dette for å revurdering av dammane langsvatn/Måvatn, jf. Damtryggleikforskrifta § 7-5.

Statkraft Energi AS ønskjer å senke Måvatn/Langvatn magasinet ned til kvote 268. LRV er i konsesjonen satt til kvote 274 og har en reguleringshøgde på to meter. Inspeksjonen vil ta ein arbeidsdag, og magasinet vil straks bli fylt opp etter at inspeksjonen er utført. Det blir søkt om løyve til fråvik i perioden 28.08.2025 - 10.09.2025.

Vurdering

Det er populasjonar av aure, røye, trepigga stingsild og ørekyt i de to magasina Langvatn og Måvatn. Ørekyt er ein framand introdusert fiskeart i disse vassførekomstane.

NINA har gjort fiskeundersøkingar i magasina i 2009 ([NINA rapport 597](#)) og konkluderer med at aurebestanden betraktast som middels stor, men tilhøve for røya har gått ned sidan 1977. Etter den tid har ørekyt blitt introdusert. Den har truleg blitt ein næringskonkurrent og spis røyerogna.

Auren gyter i Svorka, mens røya gyter i magasina. Reguleringshøgde i magasin kan tørrlegge gytt rogn. Røya gyter på hausten ved å grave gytegroper frå 0.5 m – 15 m djup. Fråviket frå manøvreringsreglement vil truleg ikkje påverke gytinga til røye i veldig stor grad. Gytinga skjer relativt langt ute på hausen, frå september – november. Røye i magasina blir påverka av både ørekyt og reguleringshøgda. Det er derfor viktig å minimere trykket på denne arten.



Konklusjon

Statsforvaltaren viser til kommentarane over og ber NVE presisere at tiltaket burde gjennomførast så tidleg som mogleg for på hindre skade på gytt rogn frå røye.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Mathias Høgseth Strømmen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE